

Opplæringsavdelinga
Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Vår ref:
27.3.2015-ODD

Dykkar ref.:

Dato:
27. mars 2015

Gjeld prognoseinntaket 15/16

Knarvik vidaregåande skule (KNV) har nokre kommentarar når det gjeld prognoseinntaket for neste skuleår.

1. Studiespesialisering (ST og ST-FO)

Skuleåret 14/15 har vi 4 parallellar på Vg2 Studespesialisering. Dette vart resultatet sidan vi hadde veldig få søkjarar til Vg1 Studiespesialisering med formgjevingsfag i 2013. Vi ønskjer å vidareføre 4 reine ST-klassar på Vg3, og ha ein deling med inntil 15 ST-FO-elevar på både Vg1 og Vg2. Vi ser at det er færre ST-FO-elevar på Vg1 enn i fjor, og reknar med at det er dialog mellom inntakskontoret og skulen før endeleg inntak. Denne delinga må som før skje i samarbeid mellom skulen og inntakskontoret, det har vi berre gode erfaringar med.

2. Design og handverk

Inneverande skuleår har vi to Vg1-klassar på DH. Dette har medført at vi, slik vi vurderer det har grunnlag for både Vg2 Design og tekstil og Vg2 Interiør og utstillingsdesign. Mao. ønskjer vi å gjenopprette sistnemnte sjølv om det berre er 9 primærsøklarar. På Vg1 er det berre grunnlag for ein klasse, dette har vi fått stadfesta i samtale med inntaksleiar. Dersom det skulle oppstå, t.d. grunna nedleggingar andre stader, trong for 2 klassar på Knarvik, er vi villige til å opprette dette på kort varsel. Vi ber og opplæringsavdelinga om å vurdere om det bør opprettast ei gruppe med færre elevar (HT?) på dette utdanningsprogrammet. Mange av elevane har ulike utfordringar som gjer at vi vurderer at det er behov for dette.

3. Service og samferdsel

Vi har svært mange søkjarar til Vg2 Transport og logistikk, dette finn vi gledeleg. Her har dei to siste åra fått ein auke i søkjartalet som kjem frå Vg1 TP (kryssløp). Vi er meir uroa over søkjartalket til Vg1 SS, men ser at det er tatt inn nok elevar til begge klassane våre, og reknar med at begge vil bli starta opp.

4. Teknikk og industriell produksjon

Her har vi ein stor reduksjon i talet på primærsøkjarar. I merknaden frå inntaksleiar står det at bakgrunnstala viser at det framleis er grunnlag for å oppretthalde det same klassesetalet, og vi er innstilte på at vi held fram med 5 Vg1-klassar.

Når det gjeld dei andre utdanningsprogramma viser vi til merknader i tabellen under. Vi har gått gjennom dei ulike programområda med omsyn til kor mange elevar vi maksimalt kan ta inn på dei ulike tilboda. Vi ber inntakskontoret merke seg dette særskilt.

Med helsing

Øyvind H Oddekalv
rektor

Utdanningsprogram	Elevtal (fylket)		Primær-søkjarar		Skulen sitt elevtal	Merknad
BA						
Bygg & anl.tekn. Vg1	24		28		24	
Byggteknikk Vg2	14		12		14	
TAF Byggfag Vg1	13		21		Sjå merknad	Inntaket på TAF vert styrt av tilgangen på læreplassar og kvalifiserte søkjarar
TAF Byggfag Vg2						Direkte vidareføring frå inneverande skuleår
TAF Byggfag Vg3						Direkte vidareføring frå inneverande skuleår
TAF Byggfag Vg4						Direkte vidareføring frå inneverande skuleår

DH					
Design og handverk Vg1	30		12	30	Må vurderast om det berre er grunnlag for ein klasse.
Interiør og utst.design Vg2	12		8	12	
Design og tekstil Vg2	12		11	12	
EL					
Elektrofag Vg1	42		52	42	
Elenergi Vg2	28		27	28	
TAF Elektrofag Vg1	30		52	Sjå merknad	Inntaket på TAF vert styrt av tilgangen på læreplassar og kvalifiserte søkjarar
TAF Elektrofag Vg2					Direkte vidareføring frå inneverande skuleår
TAF Elektrofag Vg3					Direkte vidareføring frå inneverande skuleår
TAF Elektrofag Vg4					Direkte vidareføring frå inneverande skuleår
HO					
Helse- og oppv.fag Vg1	42		46	42	
Helsearbeidarfag Vg2	28		31	28	
TAF Helse & oppv. Vg1	15		46	Sjå merknad	Inntaket på TAF vert styrt av tilgangen på læreplassar og kvalifiserte søkjarar
TAF Helse & oppv. Vg2					Direkte vidareføring frå inneverande skuleår
TAF Helse & oppv. Vg3					Direkte vidareføring frå inneverande skuleår
TAF Helse & oppv. Vg4					Direkte vidareføring frå inneverande skuleår
TIP					
Tekn. og ind. prod. Vg1	73		53	75	

Industri teknologi Vg2	28		39		28	
Kjemiprosess Vg2	28		31		28	
TAF Tekn. & ind. Prod Vg1	17		45		Sjå merknad	Inntaket på TAF vert styrt av tilgangen på læreplassar og kvalifiserte søkjarar
TAF Tekn. & ind. prod. Vg2						Direkte vidareføring frå inneverande skuleår
TAF Tekn. & ind. prod. Vg3						Direkte vidareføring frå inneverande skuleår
TAF Tekn. & ind. prod. Vg4						Direkte vidareføring frå inneverande skuleår
SS						
Service og samferdsel Vg1	28		17		30	
Sal, service og tryggl. Vg2	14		9		14	
Transport og logistikk Vg2	14		26		14	
ST-FO						
Studiesp. m/formgj.fag Vg1	15		8		15	Kombinasjon av STFO og ST
Studiesp. m/formgj.fag Vg2	15		14		15	Kombinasjon av STFO og ST
Studiesp. m/formgj.fag Vg3	0		0		0	Sjå: Studiespesialisering Vg3
ST						
Studiespesialisering Vg1	97		134		97	Kombinasjon av STFO og ST
Studiespesialisering Vg2	97		76		97	Kombinasjon av STFO og ST
Studiespesialisering Vg3	109		105		109	Videreføre 4 klassar frå Vg1
ST-PÅ						
Påbygg studiekompet. Vg3	28		45		28	
KUP (kl. med red.						

elevtal)					
Eige særskilt inntak					